



Elin Legland og Knut Prestnes - sentrale i dramatikken (Foto: HusnesNett)

Dramatikken berre aukar i forhandlingane etter valet. No har Senterpartistyret leia av uskedelingen Elin Legland sagt samrøystes nei til samarbeid med Framstegspartiet fordi FrP står for langt frå Sp både ideologisk, politisk og i verdisyn. Senterpartiet sin ordførarkandidat Knut Prestnes er lite glad for det som har skjedd.

Etter dette spekulerer HusnesNett på om Sp vil oppleve det same som i 2003 då partiet sprakk, men det ønskjer ikkje Prestnes å kommentera før i dag.

I føremiddag skal han drøfta situasjonen med Legland og melda frå om kva han eventuelt skal gjera. I 2003 melde han seg ut av partiet.

Eit medlemsmøte i Sp i forkant av styremøtet gjekk med 14 mot 11 gått imot samarbeid mellom Sp, Ap, Frp og Venstre. Dette vedtaket danna så basis for styrevedtaket.

Av Ola Matti Mathisen

